



Ole Fritjof Godtfredsen  
Knarreviktoppen 56  
4637 KRISTIANSAND S

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/806 - 17/15168

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
29.05.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 194/17

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon for oppføring av grindabustad den 06.03.2017.

Søknaden opplys ikkje kva det søkjast dispensasjon frå. Vi forstår det slik at det søkjast dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 (KPA) og frå byggjeforbodet i 100 meters beltet langs sjø, jf. pbl. § 1-8.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknad om dispensasjon skal nabovarslast. Naboliste og skriv om dispensasjon( som ble sendt frå Byggesaksvakten den 10.08.2016) samt informasjonsskriv om nabovarsling, følgjer vedlagt. Nabovarselet kan gis ved at det overleverast personleg, sendas som registrert postsending (rekommandert sending) eller sender det elektronisk, for eksempel ved bruk av e-post.

Skjema for nabovarsling finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no) under tema saksbehandling og blankettar. Aktuelle skjema er: Blankett 5154 nabovarsel, 5155 opplysningar gitt i nabovarsel, 5156 kvittering for nabovarsel.

Naboar skal ha minst 2 vekers frist til å komme med eventuelle merknadar. Fristen gjeld frå varselet er sendt og grunnlagsmaterialet er gjort tilgjengeleg , til du som søkjar mottar eventuelle merknadar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.06.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

**Innsending av byggjesøknad**

Det vert gjort merksam på at ved innsending av byggjesøknad, så må det liggje føre samtykke frå nabo, gbnr 194/2, då grindabustaden er plassert 0 meter frå grensa og taket på grindabustaden kjem nærare nabo enn 4 meter, evt. kan det søkjast dispensasjon frå plassering, jf pbl. § 29-4.

Ved innsending av byggjesøknad, må det opplysast om grindabustaden har same takvinkel som hytta.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

nabovarsel---innhold-og-varslingsmoter  
Gnr 194 bnr 17 - naboliste  
dispensasjon

**Kopi til:**

Ole Fritjof Godtfredsen	Knarreviktoppen 56	4637	KRISTIANSAND S
-------------------------	-----------------------	------	----------------

**Mottakarar:**

Ole Fritjof Godtfredsen	Knarreviktoppen 56	4637	KRISTIANSAND S
-------------------------	-----------------------	------	----------------